

# Forord

Norrdal kommune har gjort vedtak om å organisere og gjennomføre arbeidet med trafikktryggingsplan. Vedtaka er gjort i kommunestyret i sak 116/00, og formannskapet i sak 028/01.

Sekretæren i prosjektgruppa, avd.ing. Kjell Rødven har vore kommunen sin fagperson og bindeledd mellom kommunen og firma NordvestPLAN, som har stått for utarbeiding av plandokumentet.



Valldal, februar 2003

.....  
Kjell-Roar Henriksen  
-leiar i styringsgruppa-

.....  
Kjell Rødven  
-avd.ing./sekretær-



.....  
Bjørn Relling

# Innhal

Forord.....	1
Innhal .....	2
Innleiing .....	3
Kvifor er det naudsynt med trafikktryggingsplan?.....	3
Kven skal vere med å lage planen? .....	3
Kva skal planen brukast til etter at den er ferdig? .....	3
Organisering av planarbeidet .....	4
Korleis sikre seg at planen vert brukt.....	4
Trafikk- og ulukkessituasjonen i kommunen .....	6
Det statistiske materialet .....	6
Tabellar .....	6
Visjonar og mål.....	10
Nullvisjonen .....	10
Hovudmål.....	10
Delmål.....	10
Problemregistrering .....	11
Arbeidsgrupper.....	11
Fjørå .....	11
Valldal .....	12
Tafjord.....	14
Eidsdal.....	15
Norddal .....	16
Gruppering av tiltak .....	17
Tiltak .....	18
Endring av adferd.....	18
Fysiske tiltak .....	18
Prioritering mellom forslag, med budsjettmessige konsekvensar .....	20
Fysiske tiltak .....	20
Adferdsendrande tiltak .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Vedlegg .....	21
Innkome merknar etter off. ettersyn .....	21
Kart .....	22

# Innleiing

## **Kvifor er det naudsynt med trafikktryggingsplan?**

Planen skal setje fokus på tiltak som kan auke trafikktryggleiken, og skal ha som resultat at trafikkulukkeane kan reduserast, både i tal og omfang.

Trafikktryggingsplan er ein føresetnad for at kommunane skal få tildelt trafikktryggingsmidlar (tidlegare kalla "Aksjon skuleveg"-midlar).

## **Kven skal vere med å lage planen?**


Kommunen er ansvarleg for at planen vert utarbeidd, men det er svært viktig at innspela til planen kjem frå mange. Ikkje minst er born og ungdom viktige bidragsytarar.

Målet er at planen aktiviserer og engasjerer innbygarane i kommunen, både gjennom adferd og haldningar, samstundes som den skal inspirere til nye forslag og idear som kan betre trafikktryggleiken.


## **Kva skal planen brukast til etter at den er ferdig?**

Planen skal vedtakast av Norddal kommunestyre. Planen skal innehalde konkrete tiltak som systematisk viser gjennomføring av desse, både i tid og kostnad. Planen vil difor verte styrande for kommunen sine budsjettvedtak.

# Organisering av planarbeidet




Prosjektgruppa er samansett slik:



Rådmannen er leiar  
Avd.ing. frå FDV er sekretariat

Innspel til planen er organisert gjennom arbeidsgrupper. I Norddal kommune har desse arbeidsgruppene vore:



Alle bygdeutvala har hatt høve til å uttale seg i planprosessen. Det har og vore samarbeid i prosessen mellom skulane og sekretæren i prosjektgruppa. Sekretæren har vore på besøk på alle skulane, der det har vore orientert om arbeidet med trafikktryggingsplanen. Elevane har vist engasjement og vore med i registreringsarbeidet, og kome med viktige innspel og synspunkt.

## Korleis sikre seg at planen vert brukt

Styringsgruppa har det overordna ansvaret for at planen vert følgd ved gjennomføring av tiltak. Rapporteringsansvar for tiltak i planen bør leggst til ein person, og ein finn det rettast at dette ligg til avd.ing. for FDV.

Rapporteringsplikta skal vere årleg, innan 01.07, for å få neste års tiltak inn i budsjettarbeidet.

Planen må rullerast, og det er naturleg å gjere dette ein gong i starten av kvar kommunestyreperiode. Ein bieffekt av dette tidspunktet vil vere informasjon til og motivering av politikarar.  
Rådmannen skal vere ansvarleg for å initiere rulleringsprosessen.

# Trafikk- og ulukkessituasjonen i kommunen

## Det statistiske materialet

*Tabellane i dette kapitlet viser eit utdrag av statistisk materiale som er henta ut frå registrerte trafikkulukker med personskaade.*

*Små endringar i det statistiske materialet kan gje grunnlag for vesentleg tolkningsendring, og tabellane åleine vil ikkje vere godt nok grunnlag for å trekke bastante konklusjonar. Av den grunn KAN det bety at ein ikkje fangar opp dei ”typisk” utsette aldersgruppene, som t.d. unge bilførarar. Det er difor viktig at ein ikkje nyttar tabellane anna enn til faktaopplysning, og ikkje legg desse til grunn i bastant argumentasjon med grunnlag i statistikken.*

*Det er og viktig å tenke gjennom problemstillinga med at kommunen har stor sommarturisttrafikk.*

Trafikksituasjonen:

Kommunen har tilsaman 132,1 km med off. vegar.

Desse fordeler seg slik:

Riksvegar: 53,6


Fylkesvegar: 34,0 km

Kommunale vegar: 44,5 km

## Tabellar


### *Ulukkessituasjonen i tidsrommet 1990-1999*

(Sjå generell kommentar i starten av kapitlet)




**Skadde/drepne fordelt på aldersgruppa 15-24 år:**

(Sjå generell kommentar i starten av kapitlet)




**Talet på trafikulykker med personskade i kommunen**

(Sjå generell kommentar i starten av kapitlet)



**Ulykkene fordelt på vegtype**

(Sjå generell kommentar i starten av kapitlet)



Ulukkesintensiteten på dei ulike vegane i høve veglengda:


Riksveg: %

Fylkesveg: %

Kommunal veg: %


### **Skadde/drepne fordelt på trafikantgrupper**

(Sjå generell kommentar i starten av kapitlet)




### **Korleis skjer ulukkene?**

(Sjå generell kommentar i starten av kapitlet)



### **Korleis fordeler ulukkene seg gjennom året?**


(Sjå generell kommentar i starten av kapitlet)






### ***Fordeling av ulukker på vekedagar***

(Sjå generell kommentar i starten av kapitlet)




### ***Ulukker fordelt over tid i døgnet***

(Sjå generell kommentar i starten av kapitlet)



### ***Kor mange vert skadde eller drepne i ulukkene?***

(Sjå generell kommentar i starten av kapitlet)



# Visjonar og mål

Målet med planen må vere å auke Norddal kommune sin innsats i trafikktryggingsarbeidet på fleire nivå. Slik målretta innsats skal ha ein visjon å arbeide mot: **Nullvisjonen**.

## Nullvisjonen

På spørsmål om kor mange menneske ein kan akseptere som vert skadd eller drepne i trafikken er svaret sjølvst: **Null**.

Det er dette ein må arbeide mot, og det er denne **visjonen** som må vere grunnlaget for dei målsettingar ein nedfeller i trafikktryggingsplanen, og dei handlingar ein prioriterer og gjennomfører.

Erfaring tilseier at det er vanskeleg å kome dit at det ikkje skjer trafikkulukker, men det skal ikkje vere umogleg å kome dit at ingen må verte drepne eller verte alvorleg skadde i trafikken, ved at ein gjennomfører tiltak i situasjonar ein "rår over på førehand".

## Hovudmål

Norrdal kommune skal arbeide aktivt for å forebygge og redusere antal trafikkulukker i kommunen. Målet med kommunen sitt arbeid skal vere nullvisjonen, dvs. at ingen vert alvorleg skadd eller drept i trafikken.

For å nå hovudmålet skal ein satse på følgjande

## Delmål

- Systematisk opplæring og haldningspåverknad i barnehagar og skular
- Trafikktryggingsplanen skal vere ein reiskap for å gjennomføre fysiske tiltak på vegnettet
- Informasjon og kampanje vedk. adferd i trafikken skal gjennomførast min. 1 gong pr. år for alle i grunnskulen og på ungdomssteget.
- Oppnå fartsreduksjon på utsette vegstrekningar.
- Adferdsendrande kampanjar ("for alle") i kommunen skal gjennomførast min. 1 gong kvart år.
- Ved bruk av sykkel til og frå skulen, skal alle nytte sykkelhjelm innan år 2004.
- Kommunen skal, innan utgangen av 2003 utarbeide skiltplan.
- Auke refleksbruken blant vaksne, ungdom og born med 25% i løpet av 2 år

# Problemregistering

## Arbeidsgrupper

Gruppe nr.:	Arbeidsgruppe:
A	Bygdeutvalet i Valldal
B	Bygdeutvalet i Fjørå
C	Bygdeutvalet i Tafjord
D	Bygdeutvalet i Norddal
E	Bygdeutvalet i Eidsdal
F	Valldal skule
G	Fjørå skule
H	Tafjord skule
I	Dalsbygda skule
J	Eidsdal skule
K	Valldal ungdomsskule
L	Eidsdal ungdomsskule

Etter innspel frå gruppene, og etter at planen har vore ute til off. ettersyn (sjå side 22), er det sett opp følgjande problempunkts-liste:

(Problempunkta nedanfor har tal-identifikasjon. Identifikasjonen går att i tabelloppsett seinare.)

## Fjørå

### Orientering:

Fjørå skule er ein liten skule med 11 elevar frå 1.-7. klasse. Det var ein grundig diskusjon om bruk av sykkelhjelm blant elevane, og dei var samde i at alle skulle bruke sykkelhjelm innan eit år. Det er ikkje registrert sær mange "flaskehalsar" når det gjeld skuleveg i Fjørå. Det er ein elev som har skuleskyss. Resten går eller sykklar til skulen. Største delen av skulevegane går på fylkesveg. Elevane oppfatar ikkje skulevegen som spesielt farleg, men ser positivt på at fartsgrensa i Fjørå er redusert til 40 km/t. Dei har registrert ein merkbar fartsreduksjon på bilane gjennom Fjørå. Dei vaksne har nokre merknader i tillegg til det skuleborna har registrert. Det kan såleis vere ulike oppfatningar av fartsgrensa i Fjørå.

Det er fylkesveg gjennom Fjørå, og frå Fjørå kai til Selboskar. Dei fleste merknadane til det som vert oppfatta som farleg veg, er knytt til fylkesvegane.

Nr	Stad	Omtale
<b>Fylkesveg:</b>		
1	Vegen forbi Lisahuset	Strekninga forbi Lisahuset, som ligg på nedsida av vegene ved ungdomshuset, vert oppfatta som svært farleg for dei som må gå frå Nerhus og til sentrum. Dette er ein relativt trong passasje, og bør sikrast ved gangveg frå krysset fylkesvegen/Nerhusvegen og forbi ungdomshuset.

2	Bakken forbi fabrikken (forbi kaia mot Vika)	Smalt og lite oversiktleg. Bør prioriterast som tiltak på fylkesveg med breiddeutviding.
3	Ved Vika byggefelt	Fotgjengarar og syklande opplever krysset fylkesvegen/Vika bustadfelt som uoversiktleg og farleg.
4	Ved Viken gartneri	Dårleg sikt ved avkjøringa frå Viken gartneri til fylkesvegen (austre tunnelende).
5	Fylkesvegen Fjørå kai-Selboskar	På strekninga mellom 2. og 3.sving er det høg vegskjæring, der det om vinteren er mykje is og dels stein som kjem ned på vegen.
46	Fjøretunnelen	Tunnelen opplevest farleg pga. kombinasjon mellom køyretøy og mjuke trafikantar. Framlegg om redusert køyrefart.
<b>Kommunale veg:</b>		
6	Krysset mellom vegen Ytterli-Sæter og Snarvegen	Skulebussen stoppar i krysset, og det er elles ein betydeleg lokal trafikk gjennom dette krysset. I bakkant (mor nord) av krysset er det ei relativt høg fjellskjæring, om lag . Dette fjeller er svært laust, med store steinblokker og lause fjellnabbar som bør renskast vekk.
47	Nerhusvegen	2-3 nye gatelys på Nerhusvegen

## Valldal

### Orientering:

Valldal skule er den største skulen i kommunen, og har 153 elevar, fordelt i klassetrinna 1.-7. og 8.-10. Både vaksne og elevar var engasjert i arbeidet med å registrere punkt som vert oppfatta som trafikkarlege. Om lag halvparten av elevane har skuleskyss. Elevane på barnetrinnet var samde i at dei skulle ha som mål at alle elevane skulle bruke sykkelhjelm innan eit år. Dei største elevane hadde eit meir avslappa forhold til dette.

I Sylte sentrumsområde har det oppstått eit par "flaskehalsar" når det gjeld skulevegen, etter at vegen til Syltemoa skule blei flytt til området ved sandtaka. Sjølve vegen opp til skulen er brei og fin med fortau, og er mykje tryggare enn den gamle "Monabrauta". Mange elevar nyttar andre vegar til skulen enn det dei gjorde tidlegare.

Nr	Stad	Omtale
<b>Riksveg:</b>		
7	Grandane til Sylte	Gangbru på/ved Muri bru og forlenging av gangveg/fortau frå brua t.o.m. på austdsida av Per Roar Alstadsæter si bustadtomt. Dette er ein "flaskehals" som er peika på av svært mange.
8	Gangveg frå Berdalsbrua og til skulevegen	Riksvegen er blitt skuleveg frå mange elevar som nyttar Vollevegen som skuleveg. Manglar gangveg. Tiltak: Ny sykkel- og gangveg.
9	Strekninga bedehuset til sjukeheimen	Område med stor trafikk. Ingen vegskulder å gå ut på for gåande/syklande. Tiltak: Ny sykkel- og gangveg.

10	Sylte	Det manglar fleire oppmerkingar og skilt for gangfelt på Sylte.
11	Uri bru	Dårleg tilhøve for av- og påstigning: Ved Uri bru (vegen opp til Urikamben): Manglar buss-stopp og det er dårleg oversikt pga sving og høge bruvangar.
12	Ødegård	Dårleg tilhøve for av- og påstigning: Manglar busstopp på nordsida av vegen
48	Generelt	Oppmerking av gangfelt
49	Muri – Linge	Nedsett fartsgrense
50	Bedehuset	Betring av parkeringstilhøva
51	Sentrum/ generelt	Kantrydding for å betre sikt ved innkøyningar
52	Saga på Sylte	Ønskje om gangveg forbi saga
53	Omenås	Busslomme ved avkøyringa til bustadfeltet
13	Strekninga Muri-Linge	Manglar veglys mellom Muri og Linge. Veggen er skoleveg, og vert elles mykje brukt som turveg.
<b>Fylkesveg:</b>		
14	Sylte sentrum:	Eksisterande sandtrafikk har fått mindre plass til disposisjon i samband med lastning av sandbåtar, samtidig som trafikken i lokalområdet er auka. Tiltak: På kortare sikt er det aktuelt med betre skilting av anleggstrafikk, og mogleg reduksjon til 40 km/t slik det er ved andre enden av tunnelen.
<b>Kommunal veg:</b>		
15	Vollevegen	Vollevegen vert i dag (i liten grad tidlegare) brukt som skuleveg av elevar frå Åsen, Muriberget, Murigjerdet og Murihøgda. Veggen er også blitt ein betydeleg turveg, både av folk som er til behandling på Muritunet og av lokale turgåarar. Veggen manglar gatelys, noko som er peika på av elevar i alle klassetrinn samt vaksne. Tiltak: Montering av gatelys langs Vollevegen.
16	Busstopp/ rundkjøringa ved Valldal skule	Oppmerking/trafikkøy ved Valldal skule. Det er peika på av lærarar og svært mange elevar dei uoversiktlege forholda som er ved Valldal skule når bussane skal snu og sette av/ta på elevar. Tiltak: Regulering av busstrafikken med oppmerking og fysisk tilrettelegging.
17	Krysset Åsevegen/B3 og B5	X Åsevegen/B3 og B5 er uoversiktlege både for ungar og køyrande, særleg om vinteren. Dette er peika på som eit problempunkt både av skuleborn og biltrafikanter. Tiltak: Oppsetting av trafikkspeil.
18	Murigjerdet/ Åsevegen	Tiltak: Oppmerking av gangfelt, samt tilhøyrande skilting
19	Åsevegen ved "Kalla Linge- huset"	Tiltak: Oppmerking av gangfelt, samt tilhøyrande skilting
20	Åsevegen	Smal veg og manglande gatelys Åsevegen skal opprustast/omleggast om nokre år. Førebelse tiltak må vurderast i forhold til tidspunkt for igongsetting av anleggsarbeidet.
21	Generelt	Skilting
54	Nye Moabrauta	Skilting (må samordnast med Statens vegvesen)

## Tafjord

### Orientering:

Tafjord skule har 15 elevar mellom 1. og 7. klasse. Ingen av elevane har skuleskyss.

Tafjord har eit godt utbygd internt vegsystem. Fylkesvegen frå Valldal er avslutta ved brua i sentrum, og vegane vidare opp til Kaldhusdal og Heimste Rødal er kommunale vegar. Om sommaren er det svært stor trafikk gjennom Tafjordbygda av folk som skal gå i Tafjordfjella, eller vitje sjåverdigeheiter (Sakariasdammen m.m.) eller ta naturen i nærare augesyn. Desse turistane kjenner ikkje dei lokale trafikktilhøva, område der born til vanleg ferdast o.s.v. Skuleborn opplever stundom dette som ”skummelt”.

Elevane diskuterte mykje bruk av sykkelhjelm, og ingen hadde motforestillingar til at alle skal bruke sykkelhjelm innan eit år.

Nr	Stad	Omtale
<b>Fylkesveg:</b>		
22	Skjegg-hammar-tunnelen	Mange elevar syklar i fritida gjennom Skjegghammartunnelen., og opplever at bilistane held svært høg fart i tunnelen.
23	”Vad”- krysset	For elevar som skal til Sylte, stoppar bussen i ”Vad-krysset.” Krysset har dårleg oversikt og er trangt. Tiltak: Utbetring av krysset. Merking/skilting.
24	X ved ”Raudehuset”	Montering av trafikkspil og vikepliktsskilt i krysset ved hovedvegen og vegen mot ”Raudehuset”.
25	X ved Lianes/hovud-vegen	Uoversiktleg kryss. Hekk. Tiltak: Montering av trafikkspil
26	Generelt	Det er generelt inntrykk av at bilistane held for høg fart i Tafjord Ynskje om fartsreduksjon. Tiltak: Skiltvedtak og oppsetting av skilt. Med det tette interne vegsystemet som er i Tafjord, vil det vere naturleg å vurdere skiltinga på nytt. Dette gjeld både fartsbegrensning, forbud- og påbudsskilt, samt visningsskilt. Det viser seg m.a. at det er mange som har vanskeleg med å finne fram til skulen.
27	Holen	Montering av autovern ved verkstaden til Bjørn Tafjord, som forlenging av eks. rekkverk.
55	Bru v/ gamleskulen	Rekkverk
56	v/ Raudehuset	Forlenging av rekkverket med ca 50m, nederst i bakken nedanfor Raudehuset
57	X v/ Fløhuset og Adm.bygget	Oppsetting av rekkverk, ca 30 m
58	Veg ovanfor butikken	Ønskje om gang-/ sykkelveg frå krysset ved Raudehuset og ned mot butikken.
59	Generelt	Pga at mange ungar både syklar og akar i og rundt byggefeltet, er det ønskjeleg å få redusert køyrefart.

## Eidsdal

### Orientering:

Eidsdal skule ligg i Langereiten, om lag ein km. frå sentrum, og har 59 elevar frå 1. til 10. klasse. Dei fleste elevane brukar sykkelhjelm, og det var ei eintydig oppfatning av at alle elevane ville gå inn for at dei skulle bruke sykkelhjelm. Dei fleste elevane går eller sykklar til skulen, men dei som bur framme i dalen eller Rønneberg-Kilsti har skuleskyss. Riksvegen Eidsdal – Geiranger er svært trafikert om sommaren.

Nr	Stad	Omtale
<b>Riksveg:</b>		
28	Frå sentrum og opp dalen	Eintydig oppfatning av at farta på biltrafikken i sentrum og framover Eidsdalen er for stor. Tiltak: Skilting og mogleg endra fartsgrense. Radarkontroll!!
29	Generelt	Generelt for lite gatelyst. Svært mørkt ved busstopp på Veiberg. Manglande gatelyst i Langereiten og andre stadar på det kommunale vegnettet. Tiltak: Meir gatelyst.
30	Sentrum	Oppmerking av gangfelt.
31	Bru over elva ved gamleskulen	Oppmerking av gangfelt.
32	Vegen mellom skulen og Langereiten	Vegen ligg mellom idrettsbana og elva, og er m.a. skuleveg for fleire elevar. Denne veggen må nyttast både i skuletida og i fritida. Skuleborn og vaksne oppfatar denne vegstrekninga som svært farleg, og dette må betraktast som den største "flaskehalsen" av farlege strekningar på det kommunale vegnettet. Tiltak: Breiddeutviding av veggen og montering av autovern mot elva.
33	Krysset mellom veg til Lange-reiten og riksvegen.	Dårleg sikt p.g.a. svært stort tre (Blodbøk?) som hindrar sikt frå Langereitenvegen og inn på riksvegen. Treet står på privat grunn, men det bør prioriterast å gjere ein avtale med grunneigar. Sjå og pkt. 60.
34	Vegen ned mot eldrebustaden frå posthuset	Dårleg sikt og glatt om vinteren.
60	Krysset mellom veg til Lange-reiten og riksvegen.	Gangfelt over riksvegen. Må sjåast i samanheng med tiltak 33.
61	Sentrum v/ Torebuda	Slutføring av arbeidet
62	Blomrobba til Fredvang	Bygging av gang-/sykkelveg
63	Ovanfor Storsvingen	Svikt i vegkonstruksjon har ført til ujamn køyrebane.
64	Einehaug-svingen	Fjerning av bergnabb i innerkurve vil betre siktilhøva
65	Bergsjuvet	Sikring mot nedfall av is
66	Generelt	Skilting til 30 km/t gjennom alle gardstun på komm. veg.

## Norrdal

### Orientering:

Dalsbygda skule ligg på Relling i Norrdal. Skulen har 20 elevar, der dei færreste har fast skuleskyss med buss. Nokre elevar vert av og til køyrt til skulen med bil, men dei fleste elevane går eller sykklar til skulen.

Ungane i barnehagen vert køyrt eller følgd til skulen av vaksne. Vegen mellom Eidsdal og Norrdal og rundt bygda er fylkesveg. Det er 3 kommunale vegar i Norrdal. Veg til Dale, skulevegen og vegen Innset-Storås.

Nr	Stad	Omtale
<b>Fylkesveg:</b>		
35	Generelt	Skuleelevane klaga på at det er mørkt på vegen på fleire strekningar. Elvesus gjer at det er vanskeleg å høyre bilar som kjem bakfrå. Det var særleg nemnt strekningane frå vegen opp til Dale og framover mot Ekrå og likeeins frå skulevegen og framover mot Heimste Dunavollen. Tiltak: Montering av gatelys.
36	v/ T. Grønning-sæter	Skarp sving og hus tett inntil vegen. Dårleg sikt. Tiltak: Montering av trafikkspil.
37	Generelt	Farta gjennom Dalsbygda vert oppfatta som alt for høg, særleg frå butikken og framover. Fleire hekkar som gjer det uoversiktleg saman med stor fart. Tiltak: Redusert fart.
38	X i Dalen	Vert oppfatta som uoversiktleg, særleg frå nordsida og mot sør. Tiltak: Redusert fart og skilting.
39	Dalebø	Stor hekk nær vegen ved huset til "TraktorPetter".
40	Generelt	Ynskjeleg med gangvegar i Dalsbygda. Det finst ikkje gang- og sykkelvegar i Dalsbygda.
41	Grovadalen	Vegen vart utvida for få år sidan, men vert likevel oppfatta som farleg skuleveg.
<b>Kommunal veg:</b>		
42	Skulevegen	Vegen frå krysset og opp til skulen er uoversiktleg, særleg ved kvernhuset. Tiltak: Rydding av skog.
43	Pe-garden/ X mot fylkesveg	Det bør vere opplysningsskilt med Dalsbygda skule og barnehage i krysset ved P-garden. Vidare bør det vere skilt om at born leikar eller liknande.
44	Veg til Dale	"Stjernesvingen" på Dalevegen manglar skikkeleg autovern. Farleg sving ved løa til Trygve Dahlen. Tiltak: Montering av autovern og merking/skilting.
45	Hatlestadvegen	Mykje skog og uoversiktleg mellom Gjerda og Hatlestad. Tiltak: Skogrydding.

Tabellane ovanfor er sett opp etter kontakt med nokre av arbeidsgruppene, samt innspela som kom inn etter off. utlegging.



## Gruppering av tiltak

Det kan vere interessant å gruppere tiltaka i **tiltakstype**, sjølv om opplistinga ovanfor kan vere fleirtydig, og enkelte tiltak vanskeleg å plassere i en spesiell kategori:

Tiltakstype	Tiltak nr.
Gang- og sykkelveg / gangfelt	1-7-8-9-18-19-30-31-40-48-52-58-60-62
Breiddeutviding	2-20-32
Siktbetring	3-4-11-12-17-23-24-25-33-36-37-38-39-41-42-45-51-64
Sikring	5-6-27-32-34-44-55-56-57-65
Skilting (inkl. fartshumpar)	10-14-21-22-26-28-37-43-46-49-50-54-59-66
Buss-stopp	11-12-16-53
Veglys	13-15-20-29-35-47
Diverse	61-63

Vidare kan ein dele opp dei ulike typane i underkategoriar, både med tanke på ”fysisk innhald”, og kva off. organ som skal ta hand om tiltaka:

Tiltakstype	Underkategori	Tiltaksnr.	Off.etat for vidare arbeid
G- og s-veg / gangfelt	G-/s-veg	1-7-8-9-52-60	Statens vegvesen
		18-19-52-58	Norrdal kommune
Breiddeutviding	Gangfelt	10-30-31-40-41-48	Statens vegvesen
		2	Statens vegvesen
Siktbetring	Breiddeutviding	20-32	Norrdal kommune
		Fjellsprenging	3
Sikring	Skogrydding	64	Statens vegvesen
		23-25-33-38-42-45	Norrdal kommune
	Trafikkspeil	51	Statens vegvesen
		4(?) -36-39	Statens vegvesen
Sikring	Fjellrensk	17-23-24-25	Norrdal kommune
		5-65	Statens vegvesen
	Rekkverk	6	Norrdal kommune
Skilting	Trafikkskilt	27-44-55-56-57	Norrdal kommune
		14-22-28-37-46-46-49-50-54	Statens vegvesen
	Fartshumpar	21-24-26-43-44-50-54-59-66	Norrdal kommune
Buss-stopp	Trafikkorganisering	59	Norrdal kommune
		11-12-53	Statens vegvesen
Veglys	Veglys	16	Norrdal kommune
		13-29-35	Statens vegvesen
Diverse	Diverse	15-47	Norrdal kommune
		61-63	Statens vegvesen

# Tiltak

**Utan omsyn til registreringane, kan ein setje opp oversyn over kva tiltak som kan gjennomførast:**

Tradisjonelt vert tiltak til trafikktrygging delt i to hovudområde:

- Endring av adferd
- Fysiske tiltak

## **Endring av adferd**

1. Utdanning/kunnskap
  - Barnehage
  - Grunnskule
  - Ungdomsskule
  - Trafikantar
2. Informasjonstiltak
3. Overvaking/kontroll
  - Fartskontroll
  - Bruk av bilbelte
  - Kontroll av køyretøy
4. Bruk av rusmiddel
5. Bruk av lys og refleks
6. Bruk av tryggingsutstyr
7. Sikring av passasjerar i bil
8. Skuleskyss, regelverk
9. Vedlikehald av køyretøy, utstyr
10. Arealplanar/reguleringsplanar
11. Haldningar til nye avkøyrslar/ny busetnad
12. Transport til/frå fritidsaktivitetar

## **Fysiske tiltak**

13. Gang- og sykkelveggar, fortau/gangfelt
14. Busslommer
15. Veglys
16. Skilting
17. Fartsgrenser
18. Fartsreducerande tiltak
19. Rekkverk
20. Vegkryss
21. Avkøyningar
22. Vegkurvatur
23. Snørydding/sandstrøing
24. Trafikktilhøve ved skular og barnehagar
25. Siktbetring
26. Rassikring/steinrensk

Dersom planen skal vere arbeidsreiskapen vidare, er det viktig å la prioriteringane og innsatsen vere realistisk. Likevel er det truleg ”etterslep”, slik at ønskelista både kan vere lang og kostnadskrevjande.

I neste avsnitt har ein sett opp framlegg til tiltak som bør vere realistiske dei 2 første åra (år 1 og 2). Tiltaka må følgjast opp av politiske vedtak om finansiering.

Ut frå registreringar i kap. 3, kan ein danne seg ei oppfatning av korleis/når/kvar trafikkulukker skjer, og kven dei rammar. Statistikken viser at dei aller fleste skjer på riks- og fylkesveg, dei fleste skjer der bil er innblanda, som møte-, kryss- eller utforkøyringsulukker. Sommartrafikkulukkene er i fleirtal. Men som nemnt ovanfor, vil tolkinga av det statistiske vere usikker.

Ein kan sjølvsagt prioritere tiltak strengt ut frå statistikk. Skal ein ha nullvisjonen som mål, er det i tillegg også viktig å sjå og ”handtere” potensielle ulukkespunkt før ei ulukke evt. skjer.

# Prioritering mellom forslag, med budsjettmessige konsekvensar

## Fysiske tiltak

Identif.	Omtale	Kostnad	2004	2005	2006	2007	Ansvar
16	Organisering av trafikktilhøva ved skulen i Syltemoa	5.000,-					NK
42	Skogrydding langs skulevegen i Norddal	3.000,-					NK
33	Siktbetring ved avkøyring til Eidsdal skule	1.000,-					NK
31, 60	Gangfelt ved Eidsdal skule/RV63	5.000,-					SVV/NK
7	Gangbru over Valldøla/forlenging av gangfelt						SVV/NK
45	Skogrydding langs Hatlestadvegen	3.000,-					NK
5	Sikring av vegskjering FV093	100.000,-					NK/SVV
6	Rensk av fjellskjering	100.000,-					NK
27	Rekkverk i Holen i Tafjord	25.000,-					NK
44	Rekkverk i Dale	25.000,-					NK
15	Plan over opprusting av Vollevegen	75.000,-					NK
55	Rekkverk v/ Gamleskulen i Tafjord	10.000,-					NK
56, 57	Rekkverk i Tafjord	75.000,-					NK
54	Skilting av nye Moabrauta	10.000,-					NK/SVV
	Skiltplan	50.000,-					NK
15	Opprusting m/gatelys Vollevegen (del)	350.000,-					NK
23	Utbetring av Vad-krysset	50.000,-					NK
18, 19	Fysisk fartsreducerande tiltak Murigjerdet/Åsevegen	25.000,-					NK
13	Trafikkregulering badestranda/Veg til Linge						SVV/NK
47	Veglys Nerhusvegen	30.000,-					NK

## Adferdsendrande tiltak

Identif.	Omtale	Kostnad	2004	2005	2006	2007	Ansvar
	Informasjon i media (lokalavis)	5.000,-					Sjå kommentar under tabellen
	Trafikk-kontroll (fart og promille)						
	Tematisk tiltak, som t.d.: Eldre i bil, ung på sykkel, refleks, skulevegen, rus og trafikk, osv....	25.000,-					
	Opplæring i ungdomsskulen (årsplanar, tema)						
	Informasjon i grunnskulen (årsplanar, tema)						

### Kommentar til tabelloppsettet:

Ansvar for adferdsendrande tiltak:

Det er på førehand ikkje like lett å peike direkte på kven som er ansvarleg for gjennomføring av slike tiltak som for fysiske tiltak. Tiltak retta mot elevar i grunn- og ungdomsskulen vil naturleg vere dei einskilde skulane sitt ansvar, men prosessane kan vere initiert frå t.d. politiet eller Trygg Trafikk. Trafikk-kontrollar vil naturleg ligge til politiet sitt ansvarsområde. Ulike trafikktryggingsaksjonar kan vere etter initiativ frå t.d. Statens vegvesen eller kommunen. Truleg vil likevel mykje av ansvaret vere knytt til kommunen på ulike måtar (ulike etatar). Kommunen v/ sekretæren i trafikktryggingsutvalet vil vere ein sentral person.

Gjennomføringa bør organiserast slik at planen vert fleksibel, dvs. at lista ovanfor kan fråvikast dersom disponible midlar eller andre praktiske og rasjonelle omsyn tilseier det.

# Vedlegg

## **Innkomne merknar etter off. ettersyn**

Ved utlegging til off. ettersyn kom det inn følgjande merknadar (ikkje uttrykte vedlegg):

- Statens vegvesen datert 22.05.2001 (motteke i anna samanheng)
- Valldal kailag datert 29.04.2002
- Valldal Bygdeutval datert 20.11.2002, samt udatert brev
- Bygdeutvalet i Fjørå datert 22.11.2002
- Tafjord bygdeutval datert 25.11.2002
- Eidsdal Bygdeutval datert 10.12.2002
- Registrerte ulukkesstadar

## **Kart**

Problemregistreringane er vist på vedlegga nedanfor, med tilsvarende talidentifikasjon som i tabellane.

Fjørå	2 vedlegg
Valldal	3 vedlegg
Tafjord	2 vedlegg
Eidsdal	4 vedlegg
Norrdal	2 vedlegg